

Landsmøtet 2023: Vi utdannar Noreg: Vern av lærartittelen

I politikkdokumentet *Vi utdannar Noreg* peikar Utdanningsforbundet på at «alle barn, unge og vaksne skal ha rett til kvalifiserte lærarar» og at «Utdanningsforbundet vil arbeide for at bruken av ukvalifiserte og dispensasjonar frå utdanningskrava blir innskjerpa i lov- og regelverk».

Dagens situasjon

Desse ambisjonane er forsøkt realiserte på mange måtar. Påverknadsarbeid i samband med ny opplæringslov om læraren sitt ansvar for opplæringa og krav til lærarkompetanse for tilsetjing og undervisning i lov og forskrift er døme på dette. Det same er kampanjene *Sakna lærar, Berre lærarar er lærarar* og arbeidet for å rekruttere og behalde kvalifiserte lærarar i skulen. Alle desse aktivitetane signaliserer at ein må ha lærarutdanning for å kunne kalle seg lærar og for å kunne utøve læraryrket. Streiken på KS-området i 2022 var i tillegg til ein lønkskamp, også ein kamp for å bidra til at all undervisning skal vere frå lærarar, lærarutdanna lærarar.

Trass i desse aktivitetane, mange barn, elevar og vaksne får i dag mykje av opplæringa si av personar utan godkjent lærarutdanning. Nesten 20 prosent av dei som er tilsette i undervisningsstilling i grunnskulen og vidaregåande opplæring, er ikkje lærarar, lærarutdanna lærarar. Samstundes veit vi at nesten 40 000 personar med lærarutdanning jobbar utanfor utdanningssystemet.

I høgare utdanning, oppnår studentar som gjennomfører treårig lærarutdanning graden bachelor. Dei som gjennomfører femårig integrert lærarutdanning oppnår graden master. Dette betyr at gradane ikkje gir noko form for informasjon om innhaldet i utdanningane, til dømes om det er ei disiplinutdanning eller ei profesjonsutdanning.

Kva kan gjerast

Sentralstyret meiner at dagens situasjon med omfattande bruk av personar utan lærarutdanning i undervisningsstillingar er heilt uakzeptabel. Sentralstyret meiner difor at Utdanningsforbundet i

tillegg til pågående arbeid, må vurdere å utvikle nye verkemiddel for å redusere bruken av personar som ikkje er lærarutdanna i undervisningsstillingar i barnehage og skule. Sentralstyret meiner det må gjerast tydeleg kven som skal kunne kalle seg lærar og kven som ikkje kan det.

Sentralstyret ønskjer difor ei drøfting av om vern av lærartittelen gjennom ei autorisasjonsordning for lærarar og nye akademiske gradar kan vere éin veg å gå. Det er sentralstyret si vurdering at arbeidet for vern av lærartittelen saman med pågående påverknadsarbeid, vil kunne medverke til at «bakdøra» inn til undervisningsstilling i barnehage og skule ikkje står vid open, og at fleire barn, elevar og vaksne får opplæringa si berre av lærarutdanna lærarar.

Både opplæringslova og universitets- og høgskolelova er for tida under revisjon og endring. Sentralstyret vurderer tidspunktet som gunstig for at Utdanningsforbundet skal kunne påverke krav for kompetanse for tilsetjing og for å kunne kalle seg lærar.

Autorisasjon inneber vanlegvis at eit yrke er lovregulert og at det vert kravd ei offentleg godkjenning for å utøve yrket og for å kunne bruke yrkestitlar knytt til yrket. Ei autorisasjonsordning vil innebere ei stor omlegging av det systemet vi har i dag. Som del av arbeidet fram mot ein mogleg debatt på landsmøtet 2023 må det greiast ut korleis ei autorisasjonsordning og vern av lærartittelen kan regulerast i lov. Det må avklarast kva for vilkår og føresetnadar Utdanningsforbundet skal stille til ei ordning for å sikre lærartittelen. Det må vurderast kven som bør opprette, organisere og forvalte ei slik ordning, og kva som bør vere profesjonen si rolle.

Vi har åtte lærarutdanningsvegar til læraryrket i Noreg. Dei er styrde av rammeplanar. Fleire utdanninger som ikkje er lærarutdanninger inneheld pedagogikk og pedagogiske og didaktiske emne, og fører fram til gradane bachelor og master. For å synleggjere kva som er ei lærarutdanning og kva som er anna utdanning, må gradtitlane vere tydelegare. Endring av gradtitlane for lærarutdanningane inneber i seg sjølv ikkje endring av innhaldet og organiseringa av utdanninga.

Å endre dei akademiske titlane for lærarutdanningane på same tid som ein innfører ei autorisasjonsordning, kan gjere det tydelegare kva for utdanninger som gjer grunnlag for autorisasjon.

Konsekvensar for *Vi utdanner Noreg*

Innhaldet i ei sak om vern av lærartittelen vil ha overslag til utforminga av teksten i *Vi utdanner Noreg*. Sentralstyret legg til grunn at det må gjerast nokre språklege endringar i punkt 4.1 *God utdanning og ein sterk profesjon*. Særleg vil det gjelde omtalen i avsnitta *God lærarutdanning* og *Rett til kvalifiserte lærarar*.

Spørsmål til diskusjon

Sentralstyret ønskjer ein diskusjon i forbundet om det er behov for at lærartittelen vernast og at dette kan skje gjennom ei autorisasjonsordning.

- 1. Er vern av lærartittelen, ei autorisasjonsordning og endring i gradsystemet tenlege verkemiddel for å bidra til at barn, unge og vaksne får rett til lærarutdanna lærarar?**
 - » Er det vilkår og føresetnadnar som må vere til stades for at Utdanningsforbundet skal støtte ei autorisasjonsordning? Kva for positive eller negative verknader ser de av eit slikt framlegg?
 - » I kva grad vil ein ny akademisk tittel synleggjere kva som er ei lærarutdanning og som saman med ei autorisasjonsordning kan bidra til vern av lærartittelen?
- 2. Kva bør vere profesjonen si rolle i oppretting og vedlikehald av ei autorisasjonsordning?**
- 3. Korleis kan ei autorisasjonsordning for barnehage og skule sjå ut?**